
Fra: Ingvill Tesdal <Ingvill.tesdal@ulvik.kommune.no>
Sendt: 12. februar 2016 13:06
Til: Byrhagen Karen Nystad
Emne: Høring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunene

-



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

16/28-5/K1 - 103, K3 - &13/ITE

Direkte innval:

56 52 70 28

Stad/Dato:

12.02.2016

Høring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunene

Heradsstyret - 003/16:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Samrøystes vedtak:

Det vert vist til høyringsbrev frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet med forslag til nytt inntektssystem for kommunane.

Ulvik heradsstyre meiner at inntektssystemet for kommunane i hovudsak er eit fornuftig og rettvist system for å fordela inntektene til kommunane. Heradet har fylgjande merknadar:

Kostnadsnøklar

- Det er viktig med føreseielege rammer for kommunane. Endring i vektinga må gjerast på ein slik måte at etterspurnaden etter tenester står i forhold til den faktiske utgifta. Ei oppdatering av kostnadsnøklane kvart fjerde år fører til store omfordelingar mellom kommunane kvar gong nøklane vert oppdatert. Kostnadsnøklane bør av den grunn oppdaterast minst annakvart år, og vektinga mellom sektorane bør skje kvart år. For å unngå at nokon effektar vert overvurdert enkelte år og for å redusera svingingar bør det nyttast gjennomsnitt av siste 4 år.
- Kommunane har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i utgifter til spesialundervisning, barnevern, sosialhjelp og ressurskrevjande brukarar i pleie og omsorg. I eit nytt inntektssystem er det viktig å få fram statistiske gode modellar som kompenserer for denne ekstrakostnaden.
- Ulvik heradsstyre er ueinig i departementet sin argumentasjon for å utelata kommunale vegar frå utgiftsutjamninga. Dei kommunale vegane er ein viktig del av infrastrukturen i kommunane og opne vegar året rundt er viktig for å sikra velferdstenester, livskvalitet og tryggleiken til innbyggjarane. Ulvik heradsstyre meiner at kommunale vegar framleis må vera ein del av utgiftsutjamninga. Kommunale vegar er ei nasjonal velferdsteneste med sær variable utgifter mellom kommunane på grunn av ufrivillige klimatiske og geografiske

forhold. Ulvik heradsstyre ber departementet om å revurdere avgjerda si og innlemma kommunale vegar som ein eigen delkostnadsnøkkel.

Strukturkriteriet

- Ulvik heradsstyre meiner at inntektssystemet må vera nøytralt og utan tilknyting til ein kommunesamanslåing.
- Ulvik heradstyre stiller seg positiv til at strukturkriteriet, som skissert i høyringa, vert ein del av eit eventuelt nytt inntektssystem.
- Berekningar viser at modellen som er skissert i høyringsframlegget vil føra til store omfordelingar mellom kommunane. Samstundes skjer det store endringar i samband med kommunereforma. Det er ikkje tilrådeleg å innføra ein ny modell for kommunane sitt inntektssystem samstundes som mykje er uavklara i kommunereforma. Ein bør difor venta med å eventuelt utforma eit nytt inntektssystem til etter at Stortinget har fatta nødvendige vedtak i saka om kommunereform i 2017. På den måten vil det vere mogleg å utforme eit inntektssystem som tek opp i seg dei endringane som følgjer av kommunereforma.

Distriktstilskota

- Ulvik heradstyre ser at ei endring i inntektssystemet som set søkjelyset på dei lokale distriktsutfordringane kan vera nyttig, men at det er heilskapen til kommunane som bør vektleggjast.
- Ulvik heradsstyre ser det som avgjerande at eit nytt system for distriktpolitiske virkemidlar ikkje inneber ei avkorting i tilskota til dei kommunane som i dag kvalifiserer til småkommunetilskotet. For desse kommunane bør talet på innbyggjarar ikkje vere avgjerande for storleiken på tilskotet.

Skatteelementa

- Ulvik heradsstyre er einig i prinsippet om at kommunane bør ha ei viss grad av økonomisk sjølvstende og moglegheit for å behalda inntekter og verdiar som vert skapt i eige lokalsamfunn.
- Ulvik heradstyre meiner at skatteandelen må vera føreseieleg, som både byggjer på erfaringar og gjevast ei framtidretta utforming.
- Ulvik heradsstyre støttar ikkje framlegget til ny modell for selskapsskatt då den byggjer på forklaringsfaktorar for vekst der kommunane berre rår over ein særst liten del.

Med helsing

Ingvill Tesdal

Økonomisjef